

Det er meldt inn 2 favorittsalmar til salmekvelden i kyrkja sundag, men tilskiparane Reidar Algerøy og Kristian Olav Bringedal ynskjer fleire. .

Under denne kvelden vil det i tillegg til favorittsalmane særleg bli lagt vekt på salmar av ein konge blant dei norske simediktarane, Elias Blix. Han er over teikna av sonen Ragnvald

Blix frå Gildeskål i Nordland, som levde frå 1836 til 1902, var i tillegg til teolog og salmediktar professor i hebraisk og kyrkjestatsråd frå 1884 til 1888.. Dei mest kjende salmane hans er fedrelandssalmen Gud signe vårt dyre fedreland og No livnar det i lundar.

I Norsk Salmebok er han representert med 56 eigne og 20 omsette salmar. Han blir rekna som ein av nynorskens fedrar. Blix var konservativ innan teologien, men radikal i målsak og politikk, der han representerte Venstre.

Under kvelden vil organist Algerøy også orientera om arbeidet med den nye norske salmeboka, som har utløyst reaksjonar frå einskilde hald og enno ikkje er fullført.

Av Ola Matti Mathisen